

Sivilombudsmannen v/Christian Ranheim

Dykkar ref.

Vår ref.
18/16640 GSSO

Arkivkode
403 G30

Dato
01.06.2018

Tilsvar på sivilombudsmannens rapport

Me syner til sivilombudsmannens rapport etter besøk Åna fengsel 13-15.november 2017. Rapporten er gjennomgått i helsetenesta og i samarbeidsmøte med kriminalomsorgen.

Kommunen gjer svar på dei delene av rapporten som angår helsetenesta.

Fengselshelsetensta er organisert under kommuneoverlegen som har øvste medisinskfaglege ansvar. Fengselslegen med størst stilling har dagleg medisinsk ansvar og ei av sjukepleiarane har administrativt leiaransvar for eininga.

Vedr pkt 12, helsetenester.

12.2 Innkomstsamtalen.

Helsetenesta ved kommuneoverlegen er kjent med innhaldet i Istanbulprotokollen. Det vert alltid gjort ei vurdering av psykisk helsetilstand herunder suicidalfare, det kan presiserast tydelegare i skriftlege rutiner som skal gjennomgås hausten 2018.

12.3 Medisiner

Helsestenesta har årleg revisjon og gjennomgang av rutiner rundt medikamenthandtering. Årets tilsyn er gjennomført mai 2018 og det vart då særleg sett på forhold rundt ivaretaking av taushetsplikt.

12.5 Utelukkelse fra fellesskapet

Helsetenesta har eit godt og nært samarbeid med kriminalomsorgen der sjukepleiar deltek i daglege morgonmøter. Det er såleis ein god oversikt over tilstanden til dei ulike som av forskjellige grunnar er utelukka frå fellesskapet. I hovudsak er dette av andre grunnar enn medisinske. Fengselsbetjentane har god kjennskap til gruppa og gjer gode vurderingar ifht kva tid det er behov for legetilsyn. Legevakta vert alltid varsla når nokon vert sett på isolat. Det er ikkje hensiktsmessig at legevakta rutinemessig reiser til alle som er på isolat.

Å ha fast tilsette sjukepleiarar i dagstilling sikrar at det er god kontinuitet i tenesta og stabilt personell til stade i avdelingane. Det er vår vurdering at denne ordninga fungerer godt og at samarbeidet mellom kriminalomsorgen, legevakt og helsetenesta ivaretok medisinske behov på ein god måte. Me har aldri hatt alvorlege hendingar som me tenkjer ville vore unngått med ei anna organisering.

Med helsing
Hå kommune

Vigdis Monsen Austdal
kommunalsjef

Gerd Signy Solberg Omland
kommuneoverlege

Kopi til:
Kriminalomsorgen Åna fengsel

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikke signatur